



DEN NORSKE KYRKJA
Bjerkreim sokneråd

Bjerkreim sokn 2025

Felles årsmelding for
sokneråd, fellesråd og sokneårsmøte



900-årsjubileet til Stavanger bispedømme og friluftslivets år vart markert med friluftsgudsteneste på Tengesdal i samarbeid med Ættesogelaget i juni 2025.

Innhald

1. Felles årsmelding for 2025
2. Kyrkjeleg verksemd
3. Gudstenester
4. Råd og utval, likestilling
5. Personell og administrasjon
6. Informasjon ut – nettsider, FB, Bjerkreimsnytt
7. Helse, miljø og tryggleik.
8. Samarbeid med kommunen
9. Andre aktivitetar og samarbeid
10. Kyrkjer og gravplassar
11. Utfordringar framover
12. Rekneskap og økonomi

1. Felles årsmelding for 2025

Det skal ligge føre årsmelding for både fellesråd/sokneråd og til sokneårsmøtet. Bjerkreim sokn har valt å lage ei felles årsmelding for 2025.

2. Kyrkjeleg verksemd

Årsstatistikk 2025

Pr. 3. kvartal 2025 budde det 2906 personar i Bjerkreim og av dei var 2221 medlemmer i Den norske kyrkja. Det var til saman 52 gudstenester, 30 dåp, 8 vigslar og 14 gravferder. Dette er kort sagt høge tal for dåp og vigslar, lågt for gravferd. Elles mykje likt tidlegare år. .

I 2025 var det fire gudstenester med offer til eige arbeid: Dei tre konfirmasjonsgudstenestene (til undervisningsarbeidet) og presentasjonsgudstenesta (til diakoni).

Nokre samanlikningstal:

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Dåp	30	23	19	27	24	33
Vigslar	8	2	8	6	4	5
Gravferder	14	23	25	22	18	14
Konfirmantar	36	33	39	37	42	37
Innmeldingar	3	0	3	0	2	3
Utmeldingar	4	3	7	6	10	2
Gudstenester søn- og høgtidsdagar	46	45	45	52	49	43
Andre gudstenester (andre dagar)	6	7	8	8	9	7
Deltakarar	6749	7179	6660	5636	3548	3065
Snitt pr. gudsteneste	130	138	125	94	61	61
Offer:						
Offer eige arbeid	34 402	25 663	57 639	74 869	43 420	62 210
Andre føremål	434 860	401 303	378 172	282 374	206 074	141 075
Gjevarteneste	57 245	69 364	67 900	73 400	74 900	78 000
Totalt innsamla	526 507	496 330	509 711	430 643	324 394	281 285

Kyrkja er med i glede og sorg. Dei tilsette ønskjer å vera på tilbodssida og yte så god service som mogleg. Staben er liten og klarer ikkje gjennomføre alt utan hjelp. Derfor er vi glade for alle frivillige – til saman ca 150 personar. Stor takk til gode frivillige som gjer ein jobb for kyrkja og for dei som bur her!

Kyrkjeleg undervisning og opplæring

Dette er kyrkja sitt systematiske arbeid med å gje barn og unge innføring i kristen tru og liv, og tilbodet går ut til både medlemmer og andre interesserte. Målet er at alle frå dei vert fødte til dei vert 18 år skal ha tilbod om til saman 315 timar opplæring. Frå sommaren 2025 gjekk det trusopplæring over til å heite kyrkjeleg undervisning og opplæring. Menighetsarbeidar har framleis 20 prosent permisjon frå stillinga på 50 prosent, i tillegg har vi ungdomsarbeidar i 40 prosent stilling som arbeider med dette.

0-1 år: Babysang. Babysang vert drive av frivillige, så innhaldet vert naturleg nok spegla av kven som har ansvaret. Valborg Bjerkreim har hatt ansvar for babysang våren 2025 med 13 barn på 8 samlingar. Hausten tok Kathrine Bjerkreim over og hadde 7 deltakarar på 9 samlingar.

2 årssamling. Her får 2-åringane ei bok og eit leiklam, i tillegg er foreldra målgruppe. Det blir informert om trusopplæringstiltak og 2-åringane får møte «den gode gjetaren». I 2025 deltok 14 toåringar + 4 søsken + ca 28 vaksne.

3-årssamling. Samlinga blei gjennomført av ein frivillig, Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim. 9 treåringar og mykje god tilbakemelding.

4 år: Utdeling 4-års-bok og 4-års-samling. Dette året fekk 10 barn utdelt 4-års boka i kyrkja. På 4-årssamlinga i november kom det 10 barn. På samlinga blir ein kjend med kyrkja, ei bibelfortelling, det er sangstund og formingsaktivitet.

5 år: Fest på slottet: Her blir alle 5-åringane invitert til fest i kyrkja, med sang, bibelfortelling og andakt, aktivitetar og mat. 12 barn kom til denne samlinga m/foreldre.

6 år: Utdeling av 6-årsbøker. Utdeling på ei gudsteneste i august. Boka har nokre år blitt brukt på dåpsskulen. 10 barn (48%) kom til kyrkja og tok imot boka.

1-2. klasse: Dåpsskule. 9 barn (23%) deltek på 1 ½ -2t undervisning, leik og aktivitetar. Dette året var det Vikeså skule. Tiltaket strekker seg over 4 gonger + at dei vart invitert til ein gudsteneste der dei fekk diplom og sende papirfly frå preikestolen. Tema: Skapt i Guds bilete, dåpen og nattverden, Kven er Jesus og Misjon og diakoni. Borna som deltek er som alltid svært nøgde og takknemlege.

3. klasse: Tårnagenthelg. Deltakarane får utforske kyrkja, leike og løyse oppgåver og deltek på ei gudsteneste med song og ulike oppgåver. I år var dei 26 stk av 35 moglege. 74% oppslutning! Også i år deltok dei ekstra under gudstenesta (lesing, lystenning og liknande). Det var same søndag som hausttakkefesten med bondekvinnelaget.

4. klasse: Lys vaken Pilegrim. I år endra vi konseptet fordi det ikkje passa å feire nytt kyrkjeår sidan det var nokre helgar før advent. Deltakarane fekk eit innblikk i pilegrimstradisjonen og ei flott oppleving



av kyrkjerommet. 18 born var med, av 30. 60% oppslutning. Også i år tok vi imot svært gode tilbakemeldingar frå borna og foreldra etter både Lys Våken og Tårnagent.

6. klasse: Utdeling av bibel. I år var det 10 stk (av 35 - 29%) som kom til kyrkja på Bibeldagen (såmannssøndagen) og fekk bibel.

6. klasse: Kode B. Kode B har vi endra litt på for å forsøke å få betre oppslutning over tid. Dette året var det berre 6 stk som blei med, av 35, altså 17% oppmøte. Det var ein god og gruppe og dei syntest det var gjilt å være med.



Kanotur Kode

7-8. klasse: Connect. Connect er bibelgrupper med samlingar ein gong i månaden. Ei oppfølging etter Kode B. Samarbeid med bedehus og misjonshus. 13 deltakarar dette året, dvs oppslutning på 21%.

15 år: Trafikalt grunnkurs. Vårt bidrag er ein introduksjon ang. menneskeverd og ansvar i livet og trafikken før Høien trafikkskole overtar. Oppslutning 29 av 38. 76%.

Alt i alt må vi kunne oppsummere at vi framleis kan glede oss over høge deltakartal i Bjerkreim, sjølv om vi ser nedgang på nokre tiltak. Det svingar litt frå år til år. Det er krevjande å innpasse alt i ei 30% stilling og det gjer ikkje stort rom for fornying. Men mykje funkar godt likevel slik det er.

Ungdomsarbeider har òg tatt over nokre av oppgåvene eller blitt med på nokre av tiltaka som ein ekstra ressurs.

Konfirmantar

36 ungdomar følgde konfirmasjonsopplegget i skuleåret 2024/2025 og vart konfirmerte i Bjerkreim. Per Børge Hillestad har hatt ansvaret saman med ungdomsarbeidar Ingelin Ognedal. Vi har også hatt god hjelp av 6 frivillige leiarar som har deltatt på 6 onsdagssamlingar saman med to av konfirmantforeldra.



Langweekend på Ognatun i februar vart eit høgdepunkt. 8 frivillige leiarar var med både frå Bjerkreim og Imikirken. 14 foreldre deltok gjennom helga med praktiske oppgåver. Vi har også hatt fasteaksjon der det vart samla inn 51 703 kr Kirkens nødhjelp sitt arbeid med å gje fleire tilgang til reint vatn.



Godhetsprosjekt

Skuleåret 2025/26 meldte 32 ungdommar seg opp til konfirmantopplegg. Hausten 2025 gjennomførte vi kortweekend med surfekurs (valfri aktivitet som 10 stk deltok på), hadde 3 onsdagssamlingar samt Lysmessa.

Nytt av året var at konfirmantane saman med leiarar gjennomførte Godhetsprosjekt for første gang. Konfirmantane var med og fant godhetsprosjekt og deltok på enten bilvask, julekort/besøk på helsesenteret, leik i barnehage, frelsesarmeen sitt juleprosjekt eller julebakst til Global kafe. Vi opplevde at ungdommane fekk vera med og gjera noko meningsfylt, og det var en god arena for å bli betre kjent og samarbeide.



Jentegrupesamling

Jentegruppe for fjorårets konfirmantar:

Ungdomsarbeidar Ingelin har invitert jentene frå konfirmantkullet 24/25 til jentegruppe på Vikeså misjonshus i løpet av hausten 2025. Det har vore tre samlingar med 10-15 deltakarar. I jentegruppa har vi hatt fokus på å bygge fellesskap og tru. Vi har bakt bollar og sett på Alpha Youth sitt trusopplegg på youtube og hatt vitnesbyrd frå leiarane. Karen-Lise Undheim og Lene Barkved har vore med i leiarteamet.



Samarbeid med anna ungdomsarbeid i Bjerkreim

Ungdomsarbeidaren har òg deltatt i anna ungdomsarbeid i Bjerkreim. Dette har vore:

- Arrangert BKU surfetur og deltatt på BKU skiweekend
- Deltatt med andakt på Fredagsklubben



BKU surfetur

- Arrangert styreweekend for BKU styret saman med vaksenleiar for BKU Gro Egeland



Skule-kyrkje samarbeid

I januar endra vi litt på opplegget for 7. klassingane. Dei var inviterte til Ivesdal kyrkje der dei fekk ei innføring i den kristne tidsrekninga og korleis kristendomen endra Norge, eksemplifisert med kristninga av Noreg og Hans Nielsen Hauge. Dette var ein god endring og klassane gav god tilbakemelding.

Samarbeid med barnehagane

Storafjellet og Røysekatten barnehagar har dei siste åra delteke på forenkla påskevandringar og på barnehagegudstenester. I 2025 deltok 67 barn på barnehagegudsteneste i anledning påske. Tida strakk ikkje til, så det vart ikkje barnehagegudsteneste før jul. Dei eldste i Røysekatten barnehage deltok i skulegudstenesta til Bjerkreim skule.

3. Gudstenester

Soknepresten har forretta mesteparten av gudstenestene og organisten har vore ansvarleg for det musikalske. I tillegg har diakon Ronny Myksvoll hatt ansvar for nokre gudstenester og Svein Gunnar Sakseid hatt lekgudstenester. Det er fleire frivillige som ønsker å bidra musikalsk, det er kjempeflott og det beriker gudstenestene. Så vi ønsker å ha dei med ofte.

Dei frivillige tenestene har gått sin gang. Soknerådet og andre har vore kyrkjevertar, hatt med blommar til alteret, tent lys i globen ved forbøn. Dei som styrer prosjektoren har vore på plass og hjulpet oss gjennom gudstenestene. Det hadde ikkje gått utan alle desse ekstra hjelparane.



Hausten 2024 vedtok soknerådet at det skal vere kyrjekaffi på dei fleste gudstenestene. Klokka 10.30 står det klar kaffi og te til alle som kjem til gudsteneste, og det er òg nok til dei som vil stoppe igjen etterpå. Dette har blitt eit positivt tilbod og vi ser at mange set pris på ein kopp kaffi, særleg før gudstenesta.

I 2025 var det 900 år sidan Stavanger bispedøme vart stifta, og det har vi feira: I mars hadde vi felles helg i heile Dalane med godt samarbeid på tvers, og Soul.Church-gudsteneste i Egersund med biskop og barnekor frå heile prostiet søndag 9. mars.

Årets friluftsgudsteneste 15. juni var i godt samarbeid med Bjerkreim ættesogelag og feiringa var på Tengesdal. 900-årsjubileet vart markert med ein grundig og interessant gjennomgang av kristendomshistorie ved Ola Birkeland. Per Spødervold fortalde om området vi var i og korleis Tengesdal området hadde vore ein sentral plass over lang tid.

4. Råd og utval

Medlemmer i soknerådet:

Gudbjørg Bjerkreim (leiar)
Annbjørg Gravdal Larson (nestleiar)
Valborg Bjerkreim
Jane Fuglestad Rønning
Jan Tore Gjedrem

Andreas Osland
Kristoffer Gilje
Kari Tove Vikeså
Gunn Tone Grastveit Nilsen (1. vara)
Aslaug Marie Undheim (2. vara)

Vegard Mong (komm. sin repr.)

Per Børge Hillestad (sokneprest)

Fleire vara: 3. Tore Soteland, 4. Oddrunn Veen og 5. Olav Nygård.
Bente Gro Milwertz Slettebø er vara for kommunen sin representant.

Kyrkjevevja er dagleg leiar og sekretær. I 2025 hadde soknerådet ni møte og gjorde vedtak i 64 saker. Det var ekstra mange møte pga hadde eit eige møte med tilsetjing av organist som einaste sak.

Saksbehandling, protokoll, signering og arkivering vert gjort digitalt i eit datasystem levert av Agrando. Drøftingssaker, orienteringar, skriv og meldingar er fast post på kvart møte. Det er rutinar for oppdatering på budsjett og rekneskap kvar tredje månad.

I tillegg til faste sakspostar blei m.a. fylgjande saker saksutgreia og behandla i rådet:

- Økonomiplan 2025-28, budsjett 2025
- Gjennomgang av reglement for utlån av kyrkjene
- Høyring KA sin strategiplan og ang. tilskotsordningar
- Godkjenning av lek gudstenesteleiar
- Tilsetjingsprosedyrer for Bjerkreim sokn
- Garness-julekonsert i vår regi
- Tilstandsrapportar for kyrkjene (kommunen betalte for desse)
- Gudstenesteplan for 2027
- Konfirmanfest og fest for 50-årskonfirantar
- Tilsetjing av ny organist
- Minnelund på Bjerkreim kyrkjegard
- Permisjonssøknad sokneprest
- Tildeling av offer for 2026

Soknerådet sitt arbeidsutval har hatt fylgjande samansetting i 2025: Leiar Gudbjørg Bjerkreim, nestleiar Annbjørg Gravdal Larson og sokneprest Per Børge Hillestad. Kyrkjevevja er sekretær for utvalet. Utvalet har møte ca. 2 veker før kvart soknerådsmøte for å gå gjennom sakene.

Forhandlingsutvalet

Gudbjørg Bjerkreim – leiar

Annbjørg Gravdal Larson – nestleiar

Aslaug Undheim

Kyrkjevevja

Partsamansett utval

Frå arbeidsgjevar:

Gudbjørg Bjerkreim – leiar

Annbjørg Gravdal Larson – nestleiar

Frå arbeidstakarane:

Oddrunn Veen

Partsamansett utval vart ikkje brukt i 2025.

Bygningsutvalet

Kristoffer Gilje, Per Versland, Oddvar Apeland og kyrkjevevja

Utvalet hadde diverre ikkje møte i 2025.

Gudstenesteutvalet

Sokneprest (leiar og sekretær)

Organist

Valbjørg Bjerkreim

Ingunn Ognedal

Tore Soteland

Gudstenesteutvalet arbeidse i 2025 hovudsakleg med å utarbeide forslag til plan for gudstenester i Bjerkreim for 2026. Utvalet hadde eitt møte i tillegg til litt kontakt på e-post. Gudstenestelista vart sendt til vidare behandling i soknerådet.

Diakoniutvalet

Liv Valbjørg Apeland Bakke
Jan Tore Gjedrem
Gunn Tone Grastveit Nilsen

Aslaug Undheim
Diakon

Diakoniutvalet har hovudansvaret for minnegudstenesta på allehelgensdag, bøn for konfirmantane og besøksteneste der dei tek med ein blom til jubilentane i bygda. Utvalet var samla to gonger i 2025.

Misjonsutvalet

Jane Fuglestad Rønning
Annbjørg Gravdal Larson

Olav Nygård
Sokneprest

«Window of Hope» er framleis misjonsprosjektet vårt. Det har vore eit nært samarbeid med m.a. Tollef og Maggie Gjedrem, og representantar for prosjektet har fortalt om arbeidet i gudstenester der det er tatt opp offer til misjonsprosjektet. I 2025 hadde misjonsutvalet eitt møte og det vart samla inn kr 85 765 til misjonsprosjektet frå soknet.

Utvalet for kyrkjeleg undervisning og opplæring

Gunn Kristin Bartels
Andreas Osland
Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim

Kari Tove Vikeså
Oddrunn Veen
Menighetsarbeidar

Utvalet bistår i opplæringa med medhjelparar og eventuelt mat til dei ulike arrangementa. Det er ei uvurdeleg hjelp å ha ei slik ressursgruppe. Dei er òg til god hjelp i evalueringa av tiltaka. Utvalet samlast to gonger i året.

Konfirmantutvalet

Sokneprest og Ungdomsarbeidar

Foreldrerepresentantar: Margrethe Sakseid og Kjell Arve Refsland (for konfirmantkull 25/26)

Utvalet bidreg med å komme med innspel til konfirmantåret og kommer med god informasjon om kullet som ei gruppe. I arbeidet med å sette opp grupper på konfirmantsamlingane har utvalet vore uvurderleg. Generelt er foreldrerepresentantane gode å ha som bindeledd mellom tilsette og konfirmantforeldre. I 2025 hadde utvalet eitt møte på høsten, men medlemmene vart spurt til råds i ulike saker kontinuerleg.

Kontaktperson Kirkens nødhjelp: Staben

Likestilling

Kjønnslikestillinga hos Bjerkreim kyrkjelege fellesråd er bygd på resultata av kyrkjevalet i 2023. Det vart tatt omsyn til likestilling og krav til ei kjønnsfordeling på 60/40 då vallista vart sett opp. Det har ikkje vore avgrensingar når det gjeld tilgang til eigne aktivitetar, verv, styrande organ eller segregerande aktivitetar.

5. Personell og administrasjon

Soknerådet har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette som blir løna over soknerådet sitt budsjett. Rådet har ansvar for ein målretta og god arbeidsgjevar- og personalpolitikk.

Tilsette

Dei tilsette har ulike arbeidsoppgåver, men arbeider likevel tett saman. Samarbeidet er godt, og det blir gjort mykje om stillings-ressursane er små. Til saman utgjorde stillingane ca. 3,22 årsverk (utanom sokneprest).

Det er stabsmøte kvar veke. Der koordinerer vi arbeidet, informerer og planlegg. Det er viktig å delta på fagdagar og kurs, men i ein travel arbeidskvardag og små stillingar blir det ofte vanskeleg å prioritere dette.

Kyrkjeverjene i prostiet og prosten har møte ca. tre gonger året. I tillegg har ein det frå 2024 blitt gjennomført samledelsesmøte der prost og kyrkjeverjer i kvart einskild prosti har møte med biskop/stiftsdirektør og leiar for HR-prosjektet.

Bjerkreim sokneråd har hatt ni tilsette, åtte frå hausten 2025 då Solveig vart organist i tillegg til sekretær:

Organist Eli Mari Hadland	50% stilling til 01.09.25
Organist Solveig Vassbø Sæth	50% stilling frå 01.09.25
Klokkar Bjerkreim kyrkje Magnar Edland	11% stilling
Klokkar Ivesdal kyrkje Gjermund Vassbø	timeløna
Kyrkjetenar Bjerkreim kyrkje Einar Gåsland	timeløna
Kyrkjetenar Ivesdal kyrkje Oddrunn Veen	timeløna
Menighetsarbeidar/diakon Ronny Myksvoll	80% stilling totalt, (30+50%, 20% permisjon)
Sekretær Solveig Vassbø Sæth	40% stilling
Ungdomsarbeidar Ingelin Ognedal	40% stilling
Kyrkjeverje Astrid Apalset Vassbø	100% stilling. Utleigd til Stavanger bispedøme i 20% som leiar for eit HR-prosjekt heile året

I tillegg er soknet med og betalar for Gro Egeland som arbeider for BKU. Ho har ei 10 prosent stilling som vert dekkja av bedehuset, misjonshuset og soknet ilag.

Hausten 2025 hadde vi som vanleg eit felles stabsmøte for alle tilsette. Tidlegare år har vi møtttest i ei kyrkje, men i år fekk vi omvisning på Bjerkreim helsesenter som hadde opna like før.

Vurdering av kyrkjeleg administrasjon

Bjerkreim sokn har ein stabil stab. Sidan 2022 har vi hatt 140 prosent administrativ stilling på kontoret. I tillegg har menighetsarbeidar i 50 prosent stilling (delvis permisjon), 50 prosent diakon, ungdomsarbeidar i 40 prosent, organist i 50 prosent og sokneprest i 100 prosent.

I september vart Eli Mari Haug Hadland pensjonist, og Solveig Vassbø Sæth tok over etter henne.

Diakoniarbeidet

Diakonen jobba mykje med global kafé, kaffedrøys utanfor Coop Extra, relasjonar med flyktingar, einsame og eldre, telefonsamtalar til etterlatte etter gravferd og sjelesorgsamtalar. Det har vore ein del andaktar, ein god del heimebesøk og personleg oppfølging, og nokre besøk på omsorgssenteret.

I juni arrangerte vi ein bønedag for bygda som ein del av konseptet Heile Rogaland Ber. På hausten prøvde me ut tidebøn som ein forlenging av bøneterminativet. Det har vore fire tidebøner med mellom 4-12 deltakarar. Diakonen har også hatt to gudstenester, i anledning Bibeldagen og ein i august.

Det var mange søkjarar til julehjelpa i Bjerkreim i 2025, men dei fleste av søknadane gjekk direkte til Frelsesarmeen og vi har ikkje fått eit tal å rapportere. Vi bisto med transport for 12 personar som ikkje kom seg til Egersund for å hente ut julehjelpa på eiga hand.



Diverre fekk vi ikkje nok støtte frå kommunen for å arrangere Verdensdagen for psykisk helse i år men vi markerte dagen utanfor Extra med gratis vaflar og informasjon om årets tema som var «Korleis styrke din psykologiske beredskap».

Minnegudstenesta i november som diakoniutvalet hadde ansvar for ble eit fint og verdig arrangement. Vi ynskjer å halde fram i same leia.

Frå diakoniplanen som vart utarbeidd i 2024 held vi fram med at vi ynskjer at det skal vere ein diakonal dimensjon over alt vi gjer i kyrkja.

6. Informasjon ut

Bjerkreim sokn brukar Facebook flittig til smått og stort, og det fungerer bra. Våren 2025 fekk vi ny heimeside på Kirkepartner si plattform med nettadresse www.kirken.no/bjerkreim Dette ga sida eit sårt trengt løft med nye muligheter som eksempelvis digital påmelding til dåp.

Kyrkjesida i Bjerkreimsnytt er framleis ei av dei fremste informasjonskanalane ut ång. ulike aktivitetar mm. Bjerkreim kommune oppmodar til bruk av Friskus for å gjere kjent aktivitetar og arrangement. Tom Fjermedal på kommunehuset legg inn dei fleste av soknet sine aktivitetar her.

Mange invitasjonar vert sendt ut pr brev, det er dyrt og svært uforutsigbart når det kjem fram. Konfirmantinformatjonen går no mest på e-post/Facebook/Snapchat eller via SMS når det er korte fristar.

Nettet i kyrkjene og digitalt utstyr

Det er internett i begge kyrkjene. I tillegg til at nettet hjelper oss å halde datamaskinar oppdatert, overføre program og salmar som skal visast på projektorskjermene kan vi òg strøyme gudstenestene. Det er ikkje lengre prioritet og vi sit igjen med ein del utstyr som ikkje lengre er i bruk.

I tillegg til nye nettsider for soknet har vi byrja bruke dataprogrammet *Medarbeideren* til å ha oversikt over frivillige, planlegge arrangement og registrere dåp/vigslar. Dette programmet tek over etter *Kardinal* som vi brukte tidlegare.

7. Helse- miljø og tryggleik

HMS og tilsyn

Det er viktig at dei tilsette opplever eigen arbeidsplass som trygg og sikker, med god trivsel. Ingelin Ognedal er verneombod (AML § 6-1). Det er inngått skriftleg avtale med bispedømmerrådet om samordning av HMS-arbeidet. HMS-rutinar blir fylgt opp med vernerundar og eigenkontrollar. Seinhaustes 2025 var det eltilsyn i kyrkjene med kontroll av system, rutiner og anlegg. Vi fekk nokre avvik som vart svart ut og klarert innan fristen. På tilsynet deltok òg elektrikar frå vedlikehaldsgruppa. Avvika bidrog til ein grundig gjennomgang og tydelegare avtale ang. gjennomføring og arkivering av utførte kontrollar.

Bjerkreim kyrkje og Ivesdal kyrkje har regelmessig brannsyn. Det er installert brannalarmanlegg i begge kyrkjene med direkte kopling til brannvesenet. Vi har serviceavtale med M & G Elektro AS om kontroll av brannalarmanlegg. Kontroll av dei elektriske anlegga blir gjort av elektrikaren i vedlikehaldsgruppa. Dei tilsette deltek på brannøving kvart år.

Handbok for HMS, dokumentasjon for branntryggleiken og internkontroll på elektriske installasjonar, er utarbeidd. ROS-analyse for begge kyrkjene er på plass, og analysen blir gjennomgått og vurdert på nytt kvart år.

Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette over 20 prosent stilling.

8. Samarbeid med kommunen

Soknerådet er takksame for det gode samarbeidet med kommunen. Kyrkja opplever stor velvilje og godt samspel. Kyrkjevevja har regelmessig kontakt med kommunen. I september 2025 hadde soknet møte med ordførar, økonomisjef og bygg- og eigedomssjef. Frå soknet møtte soknerådsleiar og kyrkjevevje. Alltid nyttig gjennomgang.

Det formelle samarbeidet mellom kommune og sokn er regulert i trussamfunnslova og avtale om tenesteyting. Soknet kjøper fylgjande tenester frå kommunen: føring av rekneskap og lønsutbetaling, leige av kontor m/reinhald og straum, telefon, kontorrekvisita, porto, kopiering, 1 side kvar månad i Bjerkreimsnytt, fagleg hjelp og rettleiing m.a. når det gjeld løns- og personalsaker, data m.m. I tillegg blir vedlikehald av kyrkjer, bårhus og gravplassar utført av vedlikehaldsgruppa. Vedlikehaldet av bygg og anlegg skjer i samråd med kyrkjevevja.

70 prosent stilling i kommunen si vedlikehaldsgruppe er rekna til vedlikehald og anna arbeid på soknet sine bygg og anlegg. Verdien er fastsett for alle tenestene soknet kjøper frå kommunen. I 2025 var prisen på tenestene kjøpt av kommunen stipulert til kr 918 000 samla for vedlikehaldsgruppa, rekneskapsføring og løn mm. Prisjustering i tråd med SSB sin prisjusteringskalkulator. Tenesteytingsavtalen blei revidert i 2017, på møtet hausten 2025 var ein einige om å ta ei revidering av denne avtalen.

9. Andre aktivitetar

Vi har eit godt samarbeid med ulike instansar i kommunen. Både skulane, barnehagane, misjonshus, bedehus og omsorgssenteret er positive til samarbeid.

Konsertar:

- I 2025 hadde vi kun ein julekonsert med lokale krefter i regi av soknet, etter ønske om å ikkje ha to som i 2024. Desse deltok: Vikeså Soul Kids og Children, Bjerkreim barnekor, Bjerkreim ungdomskor, Bjerkreim Brassband, Monika, Øystein og Gjermund Vassbø og Solveig Vassbø Sæth, Oksana Berezhna vart dessverre sjuk. Kvelden vart leia av Heidi Gjødrem, og det var offer til KRIK Bjerkreim.
- I tillegg arrangerte Bjerkreim sokn ein julekonsert med Garness. Bjerkreim ungdomskor deltok òg. Det var bra med folk og arrangementet gjekk nesten i balanse.
- I tillegg vart Bjerkreim kyrkje leigd ut til fem andre konsertar:
 - Valborg Bjerkreim, Karl Gustav Bakke og Arne Nordbø
 - Vamp, samarbeid med Dalane kulturfestival



- Ungdomskorfestival på Bjerkreim bedehus, konsert i kyrkja 13. september
- Leif Jone Ølberg (operasanger) og Lars Bernhardt Ølberg (organist) – julekonsert
- Kulturskulen – julekonsert

10. Kyrkjer og gravplassar

Heldigvis lågare straumprisar i 2025 enn dei siste to åra.



Bjerkreim kyrkje

I 2025 fekk vi installert nye rekkverk framme mot koret i Bjerkreim kyrkje. Dette gjer at ein på veg fram til nattverd eller ofring kan stø seg i trappa. Edland Rørbøying på Ålgård stod for rekkverka, som lett kan fjernast dersom det skal vere konsert eller andre arrangement der ein treng plassen.

Ivesdal kyrkje

Våren 2025 fekk vi eit prosesjonskors til Ivesdal kyrkje. Øystein Vassbø laga eit etter modell av det som står i Bjerkreim. Veldig flott kors, og praktisk å ha eitt i kvar kyrkje.

Grendahuset i Ørdsalen

Søndag 1. mars 2020 brann Ørdsalen kapell og grendehus ned til grunnen. Gravferder for ørdsdølar vart i etterkant difor forretta frå Ivesdal kyrkje med transport til gravplassen i Ørdsalen. Nytt grendahus stod ferdig våren 2023.

Hausten 2025 tok ei lokal gruppe over drifta av bygget, og det kan brukast til gravferder. Vi har sett at nokre etterlatte vel å reservere grendahuset til minnemøte og ha sjølve gravferdsseremonien i Ivesdal før gravlegging på gravplassen i Ørdsalen. Soknet er positive dersom det er ynskje om å ha gravferda frå grendahuset.

Gravferder og gravplassar

Det er god struktur og plan for drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassane. Det meste av vedlikehaldet på bygg og anlegg er tenesteyting frå kommunen. Både kommune og sokn har som mål at gravplassane skal vera fine. Vedlikehaldsgruppa har flinke og positive folk som utfører mykje godt arbeid. Dei fortener både ros og takk. Graving av graver leiger soknet ein lokal entreprenør til.

Det er god plass på alle tre gravplassane i kommunen. Administrasjon knytt til gravferder og gravplassforvaltning er alltid ei prioritert oppgåve som skal utførast med respekt, vørnad og høg kvalitet. Kyrkja står til teneste for alle som bur i kommunen. Spørsmål om gravferd for utanbygds-buande, blir alltid imøtekome. I slike høve blir det til vanleg sendt rekning. Det var berre 14 gravferder i 2025, betydeleg færre enn 2024. Det vart ikkje utført endringar eller oppgraderingar på gravplassane i 2024, men arbeidet med å planlegge ei minnelund på Bjerkreim nærmar seg realisering.

Soknerådet, v/kyrkjevevja, hadde ansvar for sju gravstellsavtalar i 2025. Kostnadane blir dekkja av innbetalte midlar til gravstell. Soknet har avtale med kommunen si vedlikehaldsgruppe om stell av desse gravene. Årleg kostnad var i 2025 kr 1130 pr. grav.

Det vart hausten 2025 sendt ut ca 65 brev om festeavgift for feste som gjekk ut dette året. I etterkant har som vanleg fleire festarar tatt kontakt og avslutta graver, dette vert gjort våren 2026.



Hærverk og roting på det toalettet som har brukt å stå ope på kyrkjegarden på Bjerkreim gjorde det nødvendig å halde dette stengt også ein del i 2025. Sommaren 2025 inngjekk Prix, Bjerkreim kommune v/kulturkontoret og soknet for andre år på rad ein avtale om at dette skulle stå ope, og kulturkontoret betalte for hyppig reinhald av toalettet.

Det var færre gravferder i 2025 enn åra før. Vi ser òg ein trend i retning at fleire vel kremasjon. Soknerådet og administrasjonen har brukt ein del tid på å planlegge ei minnelund på ein del av gravplassen på Bjerkreim. Dette er etterspurt og vil endeleg bli gjennomført i 2026 etter at vi fekk godkjent teikningar og planar hausten 2025. Kommunen har tatt på seg byggansvaret.

11. Utfordringar framover

Bjerkreim sokneråd har etter lover, reglement og forskrifter mange store og små oppgåver som skal løysast. Nokre oppgåver og utfordringar må prioriterast og handterast kontinuerleg medan andre kan venta. Det er naturleg å gjenta viktige oppgåver som administrasjonen alltid ønskjer å ha klart fokus på:

- Godt samarbeid i sokneråd og andre utval. Vilje til å tenke nytt og gjennomføre idear
- Vidareføra ei forsvarleg økonomiforvaltning
- Godt vedlikehald av bygg og anlegg
- God utnytting av eksisterande administrative ressursar
- Yte god service
- Godt samarbeid og triveleg arbeidsmiljø
- Få bukt med hærverk på toalettet ved gravplassen på Bjerkreim
- Ta aktivt i bruk «Kirka vår» til å registrere aktivitetar og planar. Det er i bruk ang. aktivitetar, men strategidokument og årsmeldingar må vi få lagt inn.
- Følje opp tiltak som vart peikt på i tilstandsrapporten for kyrkjene i 2025

Prioriterte tiltak økonomisk:

- Halde fram med oppgradering av dataverktøy som gjer kvardagen lettare og meir oversiktleg både for tilsette, frivillige og medlemmer som ynskjer dåp, konfirmasjon eller å gå på gudsteneste
- Minnelund på Bjerkreim
- Det er bestilt rekkverk framme i Ivesdal kyrkje langs trappa opp mot alterringen.
- Det er òg bestilt betre lys rundt orgelet i Bjerkreim kyrkje.
- Kommunestyret har løyvd midlar til brannsikring og innstallering av brannvarsling i begge bårehusa i løpet av 2026.

12. Rekneskap og økonomi

Rekneskap for 2025

Soknerådet fylgjer den obligatoriske KOSTRA-kontoplan med inndeling i fem føremål/tenester:

Teneste 410 – Kyrkjeleg administrasjon

Teneste 420 – Kyrkjer

Teneste 430 – Gravplassar

Teneste 440 – Anna kyrkjeleg verksemd

Teneste 441 – Trusopplæring

Vedlegg:

Rekneskap 2025 m. noter, pr febr. 2026.

Regnskap 2025 med noter

2 Bjerkreim Sokneråd - 2025

25.02.2026

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet

Regnskap

Reg. budsjett

Oppr.budsjett

Regnskap i fjor

Inntekter

1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	154.270,31	103.000,00	103.000,00	143.139,48
2 Salg av driftsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Refusjoner/overføringer	161.899,07	0,00	0,00	209.021,90
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	918.000,00	0,00	0,00	887.000,00
5 Statlige tilskudd	3.495,00	0,00	0,00	0,00
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	582.242,00	550.000,00	550.000,00	346.000,00
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	3.713.216,00	3.693.700,00	3.693.700,00	3.359.121,20
8 Tilskudd fra soknets organer	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	499.421,01	450.000,00	450.000,00	496.330,33
10 Sum driftsinntekter	6.032.543,39	4.796.700,00	4.796.700,00	5.440.612,91

Utgifter

11 Lønn og sosiale utgifter	3.086.849,36	3.285.600,00	3.285.600,00	2.859.419,60
12 Kjøp av varer og tjenester	979.620,41	1.331.100,00	1.331.100,00	1.121.824,51
13 Refusjoner/overføringer	139.735,15	0,00	0,00	208.401,82
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	918.000,00	0,00	0,00	887.000,00
15 Tilskudd og gaver	349.547,20	400.000,00	400.000,00	397.603,00
16 Sum driftsutgifter:	5.473.752,12	5.016.700,00	5.016.700,00	5.474.248,93

17 Brutto driftsresultat:	558.791,27	-220.000,00	-220.000,00	-33.636,02
----------------------------------	-------------------	--------------------	--------------------	-------------------

18 Renteinntekter og utbytte	257.017,00	220.000,00	220.000,00	241.789,00
19 Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter og låneomkostn.	0,00	0,00	0,00	0,00
21 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-7.996,00	0,00	0,00	-6.547,00
23 Netto finansinntekter/-utgifter	265.013,00	220.000,00	220.000,00	248.336,00

24 Avskrivninger	106.098,00	0,00	0,00	75.860,00
25 Motpost avskrivninger	106.098,00	0,00	0,00	75.860,00
26 Netto driftsresultat	823.804,27	0,00	0,00	214.699,98

Interne finansieringstransaksjoner:

27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	208.153,80	0,00	0,00	418.831,05
28 Bruk av ubundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
30 Sum bruk av avsetninger	208.153,80	0,00	0,00	418.831,05

31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0,00	0,00	0,00	0,00
32 Avsatt til ubundne fond	208.153,80	0,00	0,00	418.831,05
33 Avsatt til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
34 Overført til investeringsregnskapet	7.996,00	0,00	0,00	6.547,00
35 Sum avsetninger	216.149,80	0,00	0,00	425.378,05

36 MERFORBRUK / MINDREFORBRUK	815.808,27	0,00	0,00	208.152,98
--------------------------------------	-------------------	-------------	-------------	-------------------

Regnskap 2025 med noter

2 Bjerkreim Sokneråd - 2025				25.02.2026
Regnskapsskjema - Investeringsregnskapet	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
1 Investeringer i anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
2 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale, tilskudd mv.	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Renteutgifter, låneomkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	7.996,00	0,00	0,00	6.547,00
6 Avsetninger	0,00	0,00	0,00	0,00
7 Årets finansieringsbehov	7.996,00	0,00	0,00	6.547,00
Finansiert slik:				
8 Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Refusjoner	0,00	0,00	0,00	0,00
10 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
11 Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Bruk av lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00
14 Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
15 Sum ekstern finansiering	0,00	0,00	0,00	0,00
16 Overført fra driftsregnskapet	7.996,00	0,00	0,00	6.547,00
17 Bruk av avsetninger	0,00	0,00	0,00	0,00
18 Sum finansiering	7.996,00	0,00	0,00	6.547,00
19 Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Regnskap 2025 med noter

2 Bjerkreim Sokneråd - 2025
BALANSE

Regnskap 2025 25.02.2026
Regnskap 2024

EIENDELER:

A - Anleggsmidler

Faste eiendommer og anlegg	2.960.422,05	3.066.520,05
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	89.163,00	81.167,00

B - Omløpsmidler

Kortsiktige fordringer	137.558,19	200.019,95
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	6.111.294,52	5.244.059,29

C - SUM EIEDELER:

9.298.437,76 8.591.766,29

EGENKAPITAL OG GJELD:

D - Egenkapital

Disposisjonsfond	4.705.241,83	4.526.733,03
Bundne driftsfond	63.437,20	69.132,00
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	0,00	0,00
Regnskapsmessig merforbruk	815.808,27	208.153,80
Udisponert i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Udekket i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00
	3.049.584,77	3.147.687,05

Gjeld

E - Langsiktig gjeld

Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00

F - Kortsiktig gjeld

Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	0,00	0,00
	664.366,51	640.061,23

G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:

9.298.438,58 8.591.767,11

Memoriakonti

Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Regnskap 2025 med noter

2 Bjerkreim Sokneråd - 2025

25.02.2026

Note 1

Tilskudd fra kommunen skal dekke de nødvendige utgifter til drift av Bjerkreim sokn. Den årlige prisveksten fra SSB blir lagt til tilskudd, samt de lønnsøkninger som har virkning inneværende år. Dette gjelder helårsvirkning fra fjorårets resultat av lønnsforhandlinger samt årets resultat. I tillegg øker tilskuddet de årene kommunestyret bevilger midler til økt drift. Den kommunale tjenesteytingen er for året 2025 stipulert til kroner 918 000.

Note 2

Pensjonsleverandøren er KLP, og pensjonsordningen er offentlig tjenstepensjon. Alle ansatte er medlemmer i KLP (Kommunal Landspensjonskasse) bortsett fra tre personer ansatte som arbeider på timer

Estimert forpliktelse/midler 31.12.	2024	2025
Brutto påløpt forpliktelse	3 433 042	3 979 478
Pensjonsmidler	3 557 636	3 989 326
Netto pensjonsforpliktelse	-124 594	-9 848

Note 3

Aksjer og andeler

Andel egenkapitalinnskudd KLP pr 1/1-25	81 167,00
Egenkapitalinnskudd i 2025	7 996,00
Andel egenkapitalinnskudd KLP pr 31/12-25	89 163,00

Det overført 7.996 fra drift til investering for å dekke utgiften til egenkapitaltilskuddet til KLP

Prosjektnr	Tekst	Forbruk 2025	Aktiverings- konto	Debet/Kredit	Objektnr.
	Egenkapitalinnskudd - KLP	7 996,00	2 214 100	Debet	
	TOTALT	7 996,00			
	Aksjer og andeler	7 996,00	2 599 000	Kredit	

Regnskap 2025 med noter

2 Bjerkreim Sokneråd - 2025

25.02.2026

Note 4

AVSKRIVNINGER 2025

FASTE EIGEDOMAR

TEKST	ANSK.ÅR	KOST- PRIS 01.01.	TILGANG 5391 UTGÅTT 31.12.	KOST- PRIS 31.12.	AVSKR. VERDI SATS % 01.01.	BOKFØRT VERDI 01.01.	TILGANG ÅRETS AVGANG AVSKR.	BOKFØRT VERDI 31.12.	AKK. AVSKR. 31.12.	KONTROLL
Konto 2275000 Kyrkjer										
Ivesdal kyrkje, isolering	1991	59991		59991	2,00	34 893	0	1200	33 693	33693
Bjerkreim kyrkje	1984	1223125		1223125	2,00	483 824	0	24463	459 362	459362
Bjerkreim kyrkje	2019	198753		198753	20,00	-	0	0	198753	0
Ivesdal kapell	1988	178186		178186	2,00	97 095	0	3364	93 531	93531
Bårehuset på Bjerkreim	1975	56957		56957	2,00	18 750	0	1139	17 611	17611
Bårehuset på Ivesdal	1977	124842		124842	2,00	45 896	0	2497	43 399	43399
Orgel Ivesdal	1994	300000		300000	2,00	172 091	0	6000	166 091	166091
Ivesdal kapell, elektrisk anl.	1993	0		0	2,00	-	0	0	-	0
Orgel Bjerkreim	1997	1909362		1909362	2,00	1 271 039	0	38187	1 232 852	1232852
Orsdalen gravplass	1997	119559		119559	2,00	43 927	0	2391	41 536	41536
Flornbeysning ved kyrkjene	1973	10000		10000	2,00	3 025	0	200	2 825	2825
Parkplass Ivesdal	1998	585742		585742	2,00	382 224	0	11715	370 509	370509
Utv. Ivesdal Kyrkjegard	1999	563285		563285	2,00	389 644	0	11266	378 378	378378
Utv. Ivesdal Kyrkjegard	2004	10118		10118	2,00	7 223	0	202	7 021	7021
Utv. Ivesdal Kyrkjegard	2005	149603		149603	2,00	106 818	0	2992	103 826	103826
Utv. Bjerkreim Kyrkjegard	2005	14107		14107	2,00	10 070	0	282	9 788	9788
Bjerkreim kyrkje, kyrkjetak	2008	0	0	0	2,00	-	0	0	0	0
Ringanlegg	2012	154181	0	154181	20,00	-	0	0	154181	0
Ivesdal kapell, tak	2023	924115								
Sum konto 2275000		6581926	0	5657811		3 066 519	0	106 098	2 960 421	2697389

Anleggsmidler skal vurderes til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset utnyttbar levetid avskrives over den utnyttbare levetiden.

Avskrivningsperioden bør likevel ikke være lenger enn

a. 5 år for IKT-utstyr og programvare, kontormaskinero.l

b. 10 år for inventar og innredning, større utstyr, verktøy og maskiner, kjøretøy og lignende

c. 20 år for større nyttekjøretøy, større anleggsmaskiner o.l

d. 40 år for barnehagelokaler, skolelokaler, idrettshaller og idrettsanlegg, boliger og lokaler til bofellesskap, veier og parkeringsplasser

e. 50 år for kirker, krematorier, orgler, gravplasser, installasjoner på gravplasser, administrasjonslokaler, menighetshus o.l

Note 5

Avsetning og bruk av fond, jf forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner §5 nr. 6

Bundne driftsfond - kap. 251	2025	2024
Beholdning pr.01.01	69 132	75 209
Direkte bruk av bundne driftsfond	5 695	6 077
Direkte innskudd til bundne driftsfond		
Beholdning pr. 31.12	63 437	69 132

Disposisjonsfond - kap. 256	2025	2024
Beholdning pr.01.01	4 526 733	4 107 902
Bruk av disposisjonsfond	29 645	-
Avsetning til disposisjonsfond	-	418 831
Beholdning pr. 31.12	4 497 088	4 526 733

Samlet avsetning og bruk av fond i året	2025	2024
Beholdning pr.01.01	4 595 865	4 183 111
Avsetninger	-	418 831
Bruk av avsetninger	35 340	6 077
Netto avsetninger (Negativt tall betyr netto fr	-35 340	412 754
Beholdning pr. 31.12	4 560 525	4 595 865

Regnskap 2025 med noter

2 Bjerkreim Sokneråd - 2025

25.02.2026

Note 6

Annen kortsiktig gjeld	2025
Forskotstrekk	-108 958,00
Avsetning av arbeidsgiveravgift	-63 421,20
Bjerkreim kommune kuntsforening	-2 580,00
Arbeidsgiv.avg. feriepenger 2025	11 769,69
Arbeidsgiv.avg. feriepenger 2024	-47 157,00
Avsetning av feriepenger 2025	-250 969,13
Avsetning av feriepenger 2024	-0,03
Leverandørgjeld	-176 672,26
Motkonto gruppeliv	-25 657,08
Frivillig fritidsulykkesforsikring	-721,50
Sum kortsiktig gjeld	-664 366,51

Note 7

Det opplyses at dagligleder per 31.12 avlønnes med kr 810 000 per år. Soknerådsleder får kr 20 000 per år, mens nestleder får kr 10 000 per år. I tillegg får alle rådsmedlemmene kr 1 000 per møte de deltar på.

Note 8

Debet		Kredit		Note
1/1-25 Saldo Underskudd i Kapital		1/1-25 Saldo	3 147 667	
<u>Debetposter i året</u>		<u>Kreditposter i året</u>		
Salg av fast eiendom og anlegg		Aktivisering av fast eiendom og anlegg		
Av- og nedskrivning av eiendom og anlegg	75 860	Oppskrivning av fast eiendom og anlegg		4
Salg av utstyr, maskiner og transportmidler		Aktivisering av maskiner og utstyr	0	
Av- og nedskrivning av maskiner og transportmidler	0			
Salg av aksjer og andeler		Kjøp av aksjer og andeler	7 996	3
Nedskrivning av aksjer og andeler		Oppskrivning av aksjer og andeler		
Ardrag på utlån		Utlån		
Ardrag på sosiallån		Sosiale utlån		
Arskrivning av utlån		Oppskrivning avskrernes utlån		
Bruk av midler fra eksterne lån		Ardrag på eksterne lån		
Urealisert kursgevinst utenlandslån		Urealisert kursgevinst utenlandslån		
Overført anleggsmidler Sokneråd				
Aktivisering - nedskrivning til gamle verdier		Aktivisering - oppskrivning til nye verdier		
31/12-25 Saldo	3 079 823	31/12-25 Saldo underskudd i kapital		
Vikeså, Regnskapsfører Daglig leder fellesråd Revisor Leiar i soknerådet				